



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Korleis legg barnehagelæraren til rette for at alle barn vert inkludert i samlingsstunda?

**Anita Sva, Anna Wiborg  
og Ingrid Synnøve Fønnebø**

BLUBACHD401

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Merete Nornes-Nymark

Innleveringsdato: 25.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## SUMMARY

This bachelor thesis assumes from the thesis statement: How does the kindergarten teacher arrange for all children to be included in the gathering time?

We have used the qualitative method of observation in three different kindergartens, we have also used the qualitative method of focus group interview, where the observed kindergarten teacher from each kindergarten was represented. We have highlighted theory within inclusion, gathering time, and the kindergarten teacher's role.

We found that all the children were included during the gathering hours based on eye contact, touch, and verbal contact criteria. The kindergarten teachers had inclusive gathering times for all the children, and we found out that the kindergarten teacher's role is very important for the inclusion of all children in the gathering time.

# INNHALDSLISTE

1.0 Innleiing	side 4
2.0 Teori	side 5
2.1 Inkludering	side 5
2.2 Barnehagelæraren si rolle for inkludering	side 6
2.3 Inkludering i samlingsstund	side 9
3.0 Metode	side 10
3.1 Utval av informantar	side 10
3.2 Observasjon	side 10
3.3 Intervju	side 11
3.4 Gjennomføring og analyse	side 12
3.5 Validitet, reliabilitet og feilkjelder	side 13
3.6 Etske utfordringar	side 14
4.0 Empiri	side 15
4.1 Observasjonar	side 15
4.1.1 Barnehage A	side 16
4.1.2 Barnehage B	side 16
4.1.3 Barnehage C	side 16
4.1.4 Oppsummerande refleksjonar	side 17
4.2 Intervju	side 18
4.2.1 Inkludering	side 18
4.2.2 Samlingsstund	side 18
4.2.3 Inkludering i samlingsstund	side 19
4.3 Avsluttande refleksjonar	side 19

5.0 Drøfting	side 20
5.1 Barnehagelæraren si bevisstheit kring inkludering i samlingsstunda	side 20
5.2 Inkludering av alle barn i samlingsstunda	side 22
5.3 Barn sine moglegheiter for inkludering i samlingsstunda	side 24
5.3.1 Konsekvensar ved negativ kontakt som mønster	side 26
5.4 Tilrettelegging av samlingsstund i tråd med styringsdokument	side 26
6.0 Avslutning	side 27
Litteraturliste	side 29
Vedlegg 1 – Informasjonsskriv	side 31
Vedlegg 2 – Relasjonsskjema	side 33
Vedlegg 3 – Intervjuguide	side 35

## 1.0 Innleiing

Inkludering i barnehagen er viktig for at alle barn skal ha ein plass i fellesskapet og kjenna at dei er trygge, meningsfulle og høyrer til (Meld. St, 2019-2020, 12). I rammeplanen står det at barnehagen skal vera eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytra seg, bli høyrde og delta (Kunnskapsdepartementet, 2017, s 8). Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjera den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s 9). Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s 10). I barnehagen skal alle barn oppleve at dei vert sett, forstått og respektert, og få den hjelpa og støtta dei har behov for (Kunnskapsdepartementet, 2017, s 19). Me vil fokusera på om personalet i barnehagane legg til rette for dette. I dag har samfunnet stort fokus på den psykiske helsa, og inkludering i barnehagen kan då vera ein viktig måte å førebygga den psykiske helsa på (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 12).

Samlingsstunda i barnehagen har lang tradisjon (Jansen, 2020, s.163). I arbeidslivet, og i praksis me har hatt gjennom studie, har me gjort oss ulike erfaringar på korleis samlingsstunda vert gjennomført. Me har erfart at ikkje alle samlingsstunder er tilrettelagt for alle. Me har erfart at barn vert teke ut av samlingsstunda, at ikkje alle barna vert sett, og at av og til er samlingsstunda ein «oppbevaring» medan dei vaksne har andre gjeremål, som for eksempel å dekke bordet. Me har også erfart, og veit, at samlingsstunda kan vera bra, og ein god arena for inkludering for alle barna.

Inkludering er viktig gjennom heile barnehagedagen. For å gjera ei naudsynt avgrensing har me valt å ha fokus på samlingsstunda der alle barna som oftast er til stades. Styringsdokument legg meir og meir vekt på inkludering og fellesskap, og barnehagelærarane må bli meir bevisste på dette. Me vil sjå meir på korleis ein kan gjera dette, og har på bakgrunn av det valt problemstillinga «korleis legg barnehagelæraren til rette for at alle barn vert inkludert i samlingsstunda?»

Barnehagen har ulike yrkesgrupper, men me har valt å retta problemstillinga mot barnehagelærarane. Då desse har ei profesjonsutdanning og eit utvida ansvar kan me derfor stilla større krav til dei som yrkesutøvarar.

Det me meiner med «alle barn» er barn med tilretteleggingsbehov, barn med og utan funksjonsvariasjonar, rastause barn, stille barn, «normale» barn, sjenerte barn og barn som er meir frampå. Rett og slett alle barna som skal delta i samlingsstunda. Vidare har me inkludering, med det meiner me at alle barn blir sett og får delta på sine premissar. Når me snakkar om samlingsstund snakkar me om den stunda då alle barn er samla. Det kan vera om morgonen, rundt lunsjtid eller i fruktstunda.

## 2.0 Teori

Med bakgrunn i problemstillinga; Korleis legg barnehagelæraren til rette for at alle barn vert inkludert i samlingsstunda? vil me starte med omgrepsavklaring i høve inkludering, tematisering av personalet si rolle og samlingsstunda som inkluderingsaktivitet i barnehagen. Under omgrepa trekk me inn teori me har vurdert som relevant, og styringsdokumenta barnehagen må forhalda seg til.

### 2.1 Inkludering

Det som er vanskeleg med inkluderingsomgrepet er kor ulikt ein forstår det (Liberg, 2021, s.20). Inkludering er eit mangetydig omgrep og eit komplekst fenomen som det er vanskeleg å setja under lupa (Arnesen, 2017, s. 19). Inkludering kan bety å la barn delta og vera ein del av eit fellesskap (Liberg, 2021, s.6). Inkludering kan definerast som omfatte eller rekne med, og oppfattast nærast som eit synonym for fellesskap, delaktigheit, livskvalitet og likeverd (Pedersen, 2015, s. 22). Inkludering i barnehagen handlar om at alle barn skal oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. Dei skal føla seg trygge og kunne erfara at dei er verdifulle. Eit inkluderande fellesskap omfattar alle barn (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 11). Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Innhaldet i barnehagen må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan delta ut frå eigne behov og føresetnader (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.40). Barn som vert oppfatta som vanskelege kan bli møtt med systematisk bruk av kjeft som metode på negativ åtferd (Stensland & Nornes-Nymark, 2022).

Barn som testar grenser, er urolege og forstyrar, utfordrar vaksne. Åtferdsregulerande tiltak kan opplevast som ei sterk avvising og gi signal om at barnet «ikkje er god nok som det er». Ved å møta barn som utfordrar oss med open nysgjerrigheit og undring over kva deira åtferd er eit uttrykk for, vil dei utviklingsstøttande tiltaka styrkast (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). Det er svært viktig for alle barn å ha ein god dag i barnehagen uansett behov og ståstad og at dei kjenner tilhøyrse til barnehagen sitt fellesskap. Ein kan slik sett seie at inkludering har fokus på både individet og fellesskapet (Solli & Andresen, 2017, s. 142). Barna skal møtast som individ (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

I Barnehagelova §2 vert det framheva at barnehagen skal ta omsyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn (Kunnskapsdepartementet, 2022). Rammeplanen for barnehagens innhald (Kunnskapsdepartementet, 2017) understrekar at barnehagen skal vera eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å delta. Å møta individet sitt behov for omsorg, tryggleik,

tilhøyrslø og anerkjening og sikre at barna får ta del i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen (s. 7-9). Nokre barn er heilt stille medan andre kommuniserer eller handlar utover det som er akseptert i ei samlingsstund. Alle uttrykk skal bli sett, høyrte, forstått og møtt likeverdig. Ikkje likt, men likeverdig. I ei samlingsstund er det mange ulike eigenartar som må behandlast og handterast ulikt, men likeverdig (Tangen, 2021, s. 57). Barnehagen skal byggja på grunnleggande verdiar som respekt for menneskeverd og likeverd (Barnehageloven, 2022, §1).

Reich (1996) seier at barn har behov for å vera med i ei stor gruppe og ei lita gruppe.

Gruppefellesskapet for små barn kan styrkast gjennom blant anna samlingsstunder som gir opplevingar av den styrke og glede som kan ligga i det å vera saman og å vera mange. Dette viser at også små barn har nytte av å vera med i ei inkluderande samlingsstund for alle (s. 41).

Barn med tilretteleggingsbehov skal inkluderast i barnegruppa. Dei skal, så langt det er mogleg, få vera med på det dei andre gjer. Alle skal oppleve samlingsstunda som ein god plass å vera, med gode opplevingar saman med dei andre barna (Brendeland, 2009, s.93). Det er det allmennpedagogiske tilbodet som skal tilpassast barna, ikkje barna som skal tilpassast det allmennpedagogiske tilbodet (Tangen, 2021, s. 58). Tiltak kan vera å tilrettelegga innanfor det ordinære tilbodet og/eller ved å sette inn særskilte tiltak (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 12).

Det er også viktig at barna opplev gode relasjonar og ei trygg tilknytning til dei tilsette (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 27). Barnehagelærarane er opptekne av anerkjening i samlingsstunda, for dei fleste barn er det knytt til namneoppøp eller teljing av kor mange barn som er til stades (Liberg, 2021, s. 58).

Gjennom inkluderingsprosessar og å sjå barn som subjekt og medskaparar er me på veg mot eit inkluderande barnehagemiljø (Liberg, 2021, s.7). I Barnehagelova §2 (2022) står det at barnehagen skal bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i fellesskap. Inkluderande fellesskap forutset at tilsette i barnehagar har ei grunnhaldning om at alle barn, med sine ulikheiter, høyrer til fellesskapet (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 12). I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vera viktige for fellesskapet og vera i positivt samspel med vaksne (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.22).

## 2.2 Barnehagelæraren si rolle for inkludering

Det er i møte med den andre, i møte med eit du, at barnet vert seg sjølv. Korleis me er i dette møte, korleis me lyttar til dei og svarar dei, pregar barna sitt indre landskap og deira oppleving av seg sjølv (Schibbye & Løvlie, 2017, s.14). Når barnet merkar at andre, som er ulik seg sjølv, er i same mentale tilstand som deira eigen, er det mogleg og vera felles om subjektiv oppleving (Stern, 2003, s. 191).

I våre relasjonar med barn har dei raske møta ein viktig plass. Med berre nokre ord, kombinert med blikk og gestar, kan du skapa eit rikt rom for gjensidig oppleving og utvikling. Den gode relasjonen kan bekreftast og styrkast (Schibbye & Løvlie, 2017, s.23). Ein styringsteknikk som er mykje brukt i samlingsstunda er regulering. Reguleringa føregår på ulike måtar, både gjennom det som vert sagt, ved bruk av blikket og fysisk berøring (Figenschou, 2020, s. 35). Barnehagetilsette må vera bevisste på korleis dei utøver ulike styringsteknikkar overfor enkeltbarn framfor dei andre barna (Tangen, 2021, s. 54).

Å sjå barnet innanfrå handlar om at du som barnehagelærer klarar å stilla deg inn etter, eller synkronisera deg med barna, spesielt kjenslemessig, at du kan møta kvart enkelt barn sine kjensler ved å spegla eller bekrefte barnet emosjonelt, og at du kan dela både dine egne og barnas kjensler i eit interaktivt samspel (Lindbeck & Glavin, 2020, s. 48). Som Stern skriv handlar dette om å ha ei felles oppleving og same mentale tilstand som den andre, altså intersubjektivitet. Ei slik oppleving kan berre førekomma dersom det finst felles kommunikasjonsmidlar som gestar, haldningar og ansiktsuttrykk (2003, s. 191). Det er tre mentale tilstandar som har stor relevans for den interpersonlege verda og som ikkje krev språk, det handlar om å ha felles merksemd, å ha felles intensjonar og å dele affektive tilstandar (Stern, 2003, s. 195). Dersom dei vaksne klarar å dela merksemd, ha felles intensjonar og/eller dele affektive tilstandar med eit barn, vil begge oppleve intersubjektiv relatering. Å dela affektive tilstandar er i følgje Stern det mest sentrale når det kjem til intersubjektiv relatering, og han knyter dette til affektiv inntoning (Skjerdal & Engesæter, 2021, s.19). Barn si åtferd vert endra etter korleis vaksne som er i samhandling med dei, det handlar mykje om inntoning og om ein er villig til å sjå barnet (Stensland & Nornes-Nymark, 2022).

Ein kan oppleve at enkelte tydeleg markerar at dei ikkje vil vera med på det som skjer gjennom det dei gjer. Barna brukar ulike former for forhandlingar mellom tilsette og barn (Figenschou, 2020, s. 44). Pedagogisk leiar har både ansvar for, og plikt til å ivareta barnet ut frå deira føresetnader og interesse, og dermed vert det å sjå og rettleia barnet både ei plikt og eit ansvar dei har (Figenschou, 2020, s. 35).

Anerkjenning viser til ein måte å forstå andre menneskje på, og vera saman med dei. Ein føresetnad for anerkjenning er den menneskelege evna til å innta andre sine perspektiv. Anerkjenning går hand i hand med eit overordna menneskesyn (Schibbye & Løvlie, 2017, s.48-49). Alle barn skal behandlast som verdifulle deltakarar i samspelet (Tangen, 2021, s.11).

Barnehagelæraren må ha gode relasjonserfaringar og kompetanse med seg for å bidra til at barna opplev gode relasjonar. Det handlar om å planleggja tid til samspel med barn for å styrka relasjonar og kjenslemessige band i fredstid mellom barnet og barnehagelæraren (Stensland & Nornes-Nymark,



2022). Barna kan utvikla sjølvkjensle ved at barnehagelæraren brukar kunnskapen dei har om barnet sitt behov for å bli sett, møtt og bekrefta. Godt relasjonsarbeid i barnehagen er med andre ord det viktigaste tiltaket for å få barn med robust sjølvkjensle. Dette er usynleg omsorg, noko alle barn treng (Lindbeck & Glavin, 2020, s. 134). Tilsette med god kompetanse og nære relasjonar til barn er avgjerande for at me får eit inkluderande og godt utdanningsløp for alle (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 8). Barnehagelærarane sin kunnskap, kompetanse og haldningar påverkar arbeidet med barn. Barn treng nokon som trur på og støttar dei, for å styrka sjølvbiletet. Barna har behov for omsorg, empati og akseptering frå barnehagelærarane rundt seg. Barna treng ein vaksen som ikkje dømmar, kritiserer eller kjeftar når noko ikkje går bra (Stensland & Nornes-Nymark, 2022).

Det er naudsynt at barnehagelæraren tek det fulle ansvar for relasjonane, for sin eigen åtfærd og sin eigen kommunikasjon. Ansvaret ligg på tre ulike plan, der barnehagelæraren må halde merksemda på korleis han/ho viser aksept, empati og nærvær. Dette inneber at barnehagelæraren må unngå å hamna i autoritære posisjonar (Öhman, 2020, s. 222). Barn med utagerande åtfærd kan verta triggja av ein autoritær vaksenrolle. Nokre vaksne har evna til å setja seg inn i barns ulike behov, andre meistrar det ikkje (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). Pedersen skriv at samspelet er prega av at barnehagelæraren viser respekt, rører ved barna eller har kroppskontakt og at ho snakkar til dei med augekontakt (2015, s. 115). I barnehagen er det eit maktforhald mellom barn og vaksne.

Maktrelasjonane kan koma til uttrykk i asymmetriske posisjonar i barnehagen (Simonsen & Kristoffersen, 2017, s. 235). Barn som utfordrar oss vert ofte møtt med kjeft og negative sanksjonar, i staden for anerkjening og positive relasjonar. Åtfærdregulerande tiltak i form av straff og negative sanksjonar kan ha motsett effekt og føra til at åtfærd trappast opp. Ei utfordring er at åtfærd skapar vanskar for barnet sjølv og omgjevnadane rundt. Det er viktig å førebyggja etablering av negativt åtfærdsmønster, då barnet si åtfærd vert etablert i førskulealder (Stensland & Nornes-Nymark, 2022).

Alle barn treng å kjenna seg sett og verdsett som heile det mennesket dei er og at dei er aktørar i sitt eige liv. Relasjon mellom barnehagelærar og barn er asymmetrisk, og det er alltid barnehagelæraren sitt ansvar å utvikla ein positiv relasjon til alle barn. Barnehagelærarane må ha ein høg bevisstheit rundt arbeid med relasjonsbygging, i særleg grad til barn med ulike behov. Barnehagelæraren må lesa barna sine signal, og vera til stades i situasjonen, både gjennom å tilby emosjonell støtte og setja trygge rammer når det trengst. Når vaksne er gode rollemodellar og er bevisste på å ha ein positiv samhandling med alle barn, er det lettare for barna og kjenna seg inkludert (Tangen, 2021, s. 24-25).

### 2.3 Inkludering i samlingsstund

Samlingsstunda kan fort bli ein tradisjonsberande aktivitet eller ei fast rutine som berre fungerer som eit strukturerande element i arbeidskvardagen til dei tilsette (Tangen, 2021, s. 55). Samlingsstunda i barnehagen kan vera ein god arena for å inkludera dersom den vert godt tilrettelagt (Statped, 2022). Pedagogisk arbeid i barnehage skjer ofte på golvet. Det at barn og personale sit i ring saman i samlingsstunda, kan gi ei kjensle av samarbeid, likeverd og fellesskap. (Jansen, 2020, s.150-151). Undersøkingar har vist at samlingsstund ofte nyttast som læringsaktivitet. Samlingsstunder vert ofte organisert på same måte, med barna og personalet i ein ring der innhald og form leiast av ein i personalet (Jansen, 2020, s.162). Samlingsstunda kan vera ein arena der faktisk alle barn på ein avdeling får anledning til å ytre seg i eit større forum og vert høyrte av tilsette og dei andre barna, og der ulike perspektiv kan koma til uttrykk. Derfor kan samlingsstunda vera ein viktig arena for å skapa fellesskap (Pesch & Worum, 2020, s.130).

Reich (1996) definerer ei samlingsstund som at ei gruppe barn og vaksne i barnehagen sit samla, ofte i ein sirkel, og har felles aktivitetar under leiing av ein eller fleire vaksne (s. 12). Brendeland (2009) seier at ei samlingsstund er ei stund der nokon samlast. Kva som skal skje når desse «nokon» samlast seier definisjonen ikkje noko om. Dersom ein ser i ordboka er forklaringa på samlingsstund «det å samlast», «det å samlast mentalt» og «bevisstheit/fatning». Og det er nettopp det me gjer når me samlar barna. Me skapar ein felles bevisstheit der me kjem til sans og samling og finn fatninga i ein travel kvardag (s. 18-20).

I dag er ikkje samlingsstund nemnt i styringsdokument (Liberg, 2021, s. 11). Vidare skriv Liberg (2021) at samlingsstund har ein like sentral plass i dagens barnehage, utan at styringsdokumenta framhevar krav om bruk av samlingsstund, men legg vekt på fellesskapet (s. 11). Ein må tilbake til 1996 for å finne samlingsstund i rammeplanen (Liberg, 2021, s. 11). Samlingsstunder er ein del av barnehagen sin tradisjon og dermed også ein del av barnehagen sin karakter (Jansen, 2020, s. 163).

Barnehagetilsette må vera bevisst på kven samlingsstunda er tilrettelagt for, når ei barnehagegruppe består av barn med ulike behov og føresetnadar (Tangen, 2021, s.1). Munnmotorikk er ein aktivitet som alle barn kan vera med på. Det er ein felles aktivitet som alle barn har like mykje godt av, men som også, utan at det vert lagt spesifikt merke til er eit tiltak for å stimulera munnmotorikken til barn med tilretteleggingsbehov (Tangen, 2021, s. 55).

## 3.0 Metode

Metode er eit reiskap me nyttar når me skal undersøka noko. Metoden hjelp oss til å samla inn data, det vil seia den informasjonen me treng til undersøkinga vår. Dalland (2020) presenterar to ulike metodar, den kvantitative og den kvalitative metoden. Forskjellen på dei to metodane er at den kvalitative fangar opp meiningar og opplevingar, medan den kvantitative gir data i form av målbare einingar (s.54). Me valte problemstillinga «korleis legg barnehagelæraren til rette for at alle barn vert inkludert i samlingsstunda?» Utifrå denne problemstillinga valte me å nytta kvalitative metodar.

Dei kvalitative metodane plukker opp meiningar og opplevingar som ikkje let seg talfesta eller målast (Dalland, 2020, s.54). Kvalitativ forskning baserar seg på eit vidt spekter av innsamlingsmetodar, blant anna intervju, observasjon, gjennomføring av prosjekt, analyser av dokumenter og litteraturstudiar (Bergsland & Jæger, 2022, s. 29). Med utgangspunkt i problemstillinga valte me å nytta dei kvalitative metodane observasjon og intervju for å hente ut empiri. Observasjon og intervju heng nært saman (Dalland, 2020, s.101). Desse metodane kan utfylla kvarandre på ein god måte, og gi oss betre data enn ein metode åleine (Bergsland & Jæger, 2022, s. 36). Me valte derfor å nytta både systematisk observasjon og fokusgruppeintervju som metode.

### 3.1 Utval av informantar

Det er vanskeleg å vite kor mange informantar ein treng i eit prosjekt, 3-5 informantar kan vera passeleg i ei bacheloroppgåva (Bergsland & Jæger, 2022, s. 29). Dalland (2020) seier at 1-3 kan vera nok. Dei kvalitative intervju siktar mot å gå i djupna, då kan ikkje antal informantar vera for stort (s. 81). Me tok kontakt med styrar i tre ulike barnehagar og spurte om det var barnehagelærarar som kunne vera interessert i å delta som informantar i vår bacheloroppgåve. Ut frå positiv respons valte me oss ut tre barnehagelærarar, som jobbar i kvar sin barnehage. Desse kontakta me via mail, og la ved eit informasjonsskriv (vedlegg 1). I informasjonsskrivet sto tema på oppgåva, korleis informasjon vart behandla og korleis innhenting av empiri var tenkt. Det vart også informert om kontaktinformasjon og at dei kunne trekka seg frå oppgåva kva tid som helst dersom dei ønskte det. Avslutningsvis i informasjonsskrivet var det lagt inn samtykke til deltaking som måtte underskrivast dersom dei godkjende å delta (vedlegg 1).

### 3.2 Observasjon

Observasjon er ein metode som er god å bruke for å få innsyn i det me skal undersøka. Det er velegna for å studera samhandling mellom menneskje (Bergsland & Jæger, 2022, s. 35). Observasjon fortel oss

om handlingar og samhandlingar til menneskje. Kravet til observasjon som metode er å ta vare på inntrykka. Det handlar om å setja fleire observasjonar saman, ikkje berre om den eine observasjonen (Dalland, 2020, s. 102). Observasjonsstudiar handlar om både deltakande og ikkje-deltakande observasjonar. I ikkje-deltakande observasjonar vil forskarane observera andre menneskjer utan å vera aktivt deltakande sjølv (Bergsland & Jæger, 2022, s. 36). Me nytta ikkje-deltakande observasjonar i vår innsamling av empiri.

Det finst ulike observasjonsmetodar. Eksempel på dette er løpande protokoll, loggbok, praksisforteljing, aktivitetsskjema, sosiogram og relasjonsskjema (Bergsland & Jæger, 2022, s. 37). I oppgåva vår nytta me eit relasjonsskjema som me hadde laga sjølv, med utgangspunkt i Tholin (2015, s. 138). Relasjonsskjema er ein systematisk og ikkje-deltakande observasjon, som ga oss svar på om alle barna vart inkludert i samlingsstunder gjennomført av barnehagelærarar. Regulering føregår på ulike måtar, både gjennom det som vert sagt, ved bruk av blikket og fysisk berøring (Figenschou, 2020, s. 35). Pedersen skriv at samspelet er prega av at barnehagelæraren viser respekt, rører ved barna eller har kroppskontakt og at ho snakkar til dei med augekontakt (2015, s. 115). Å dela affektive tilstandar er i følge Stern det mest sentrale når det kjem til intersubjektiv relatering, og han knyter dette til affektiv inntonning (Skjerdal & Engesæter, 2021, s.19). På bakgrunn av desse teoriane valte me kriteriane blikkontakt, berøring og verbal kontakt. I skjema er det avkryssing på både positiv og negativ kontakt. Relasjonsskjemaet ligg vedlagt (vedlegg 2) og vart sendt til barnehagelærarane ilag med informasjonsskrivet (vedlegg 1).

I empiri- og drøftingsdelen er dei ulike barnehagane omtalt som barnehage A, -B og -C. Barnehage A er storbarnavdeling, barnehage B er småbarnsavdeling og barnehage C er mellomavdeling. Barnehagelærarane tilhøyrande dei ulike barnehagane er omtala med same bokstav, altså A, B og C.

Fleire barnehagar har tatt i bruk relasjonsskjema for å undersøka personalets forhold til barna på avdelinga (Tholin, 2015, s. 138). Me valte å nytte relasjonsskjema knytt til inkludering i samlingsstunda. Observasjonane våre i relasjonsskjema danna grunnlag for spørsmåla i intervjuet etterpå (Bergsland & Jæger, 2022, s. 36).

### 3.3 Intervju

Intervju er godt eigna når ein ønskjer å finna ut korleis menneskjer oppfattar si eiga verd. Informanten vil beskriva sine erfaringar og oppfatningar, og utdjupar sine perspektiv (Bergsland & Jæger, 2022, s. 32). Fokusgruppeintervju er ein måte å gjennomføra intervju på. Ved bruk av denne metoden samlar ein fleire informantar til eit felles intervju for å diskutera og reflektera saman rundt

tema. Fordelen med fokusgruppeintervju er at me kan få fram fleire aspekt på informanten sine opplevingar om det tema det vert samtala om (Bergsland & Jæger, 2022, s. 33).

Med utgangspunkt i observasjonane våre intervjuar me alle tre barnehagelærarane saman i eit fokusgruppeintervju. Når haldningar, opplevingar og meiningar skal diskuterast kan det kjennast tryggare for informanten og vera fleire i same intervju (Bergsland & Jæger, 2022, s. 33). Med utgangspunkt i observasjonane laga me opne spørsmål. Hensikten med opne spørsmål var å få utdjupande svar og at barnehagelærarane me intervjuar reflekterte over eigne samlingsstunder. Døme på spørsmål: Kva legg de i omgrepet inkludering?, Korleis legg du til rette for å inkludere alle barna på avdelinga i samlingsstunda? (vedlegg 3). Intervjuet hadde ei tidsavgrensing på ca. 60 min. Ein er ferdig med intervjuet når ein har fått tilstrekkeleg materiale for å drøfta og belyse problemstillinga (Bergsland & Jæger, 2022, s. 33).

### 3.4 Gjennomføring og analyse

Relasjonsskjema er ein metode for å få oversikt over ulike relasjonar (Tholin, 2015, s. 138). I oppgåva vår nytta me eit relasjonsskjema me hadde laga sjølv, med utgangspunkt i Tholin (2015, s. 138). Me gjennomførte totalt ni observasjonar fordelt på tre ulike barnehagar. I kvar av barnehagane observerte me same avdeling tre gongar. På avdelingane var det ulik alder. Me avgrensa ikkje aldersgrupper, då fokuset vårt var om barnehagelæraren inkluderte alle på deira individnivå i samlingsstunda, uavhengig av alder og føresetnad.

For å unngå opptak av intervju, kan det vera lurt å vera fleire til stades på intervjuet. Det er vanskeleg å både lytte aktivt, og ta gode notat samstundes (Bergsland & Jæger, 2022, s. 33). På fokusgruppeintervjuet var me alle tre til stades. Me hadde ein som leia intervjuet og to som skreiv. Intervjuet er råmateriale for analysen, så det kan vera lurt å skriva ned korleis ein sjølv opplevde intervjuet med ein gong intervjuet er ferdig (Bergsland & Jæger, 2022, s. 33). Dette gjorde me. Det er viktig å innleiingsvis i intervjuet, finne ut av korleis informasjon gitt i forkant er oppfatta (Dalland, 2020, s. 85). Derfor byrja me intervjuet med oppklarande spørsmål (vedlegg 3) for å sikre oss at alle hadde ei felles forståing av intervjuet.

Vidare tok me føre oss intervjuguiden (vedlegg 3). For å få utdjupande svar hadde me valt få spørsmål, sidan intervjuet var tidsavgrensa. Spørsmåla vart stilt av intervjuleiar i den rekkefølga dei står i intervjuguiden. Me brukte ikkje tilleggsspørsmåla, sidan det ikkje var aktuelle spørsmål etter gjennomføringa av observasjonane.

I analyseprosessen tok me først føre oss observasjonane, ved hjelp av relasjonsskjema (vedlegg 2) som me brukte under observasjonane. I relasjonsskjema såg me etter inkludering ved bruk av kriteriane blikkontakt, berøring og verbal kontakt. Først analyserte me ein og ein barnehage, før me oppsummerte alle tre avslutningsvis, der me såg på likheit og ulikheit knytt til dei ulike kriterier og ulik alder. Utifrå analysen av observasjonane laga me intervjuguide (vedlegg 3). Gjennom fokusgruppeintervjuet hadde me to som skreiv. Etter at spørsmåla vart stilt, presenterte referentane det dei hadde skrive, og informantane godkjente det som vart presentert. Dette var starten på analysinga av fokusgruppeintervjuet. Vidare samanfatta me intervjunotata og delte dei inn i tre kategoriar ut frå spørsmåla me stilte: inkludering, samlingsstund og inkludering i samlingsstund.

### 3.5 Validitet, reliabilitet og feilkjelder

Validitet står for relevans og gyldigheit (Dalland, 2020, s. 43). Det betyr at spørsmåla våre i fokusgruppeintervjuet må vera relevant i forhold til problemstillinga. Reliabilitet betyr pålitelegheit, og handlar om at målingar må utførast på rett måte, og at eventuelle feilkjelder vert informert om (Dalland, 2020, s. 43). Reliabiliteten vår vert styrka av at me har fleire observasjonar i ulike barnehagar.

Ved forskingsprosjekt må ein vera klar over moglege feilkjelder som kan påverka resultatane i forskinga. I forkant av observasjonane blei relasjonsskjemaet, som nemnt i «2.1 observasjon», delt ut. Dette kan vera ei feilkjelde, fordi barnehagelærarane får sjå kva me ønskjer å observere, og kan tilretteleggja for inkluderande samlingsstunder som ikkje er vanleg praksis. Me ønskjer ikkje nødvendigvis å sjå perfekte samlingsstunder, men om alle barna vert inkludert i ei reell samlingsstund. Andre feilkjelder kan vera vår tolking av observasjonane og svara i fokusgruppeintervjuet, og barnehagelærarane si tolking av spørsmåla. Det kan oppstå ueinigheit mellom forskarane og barnehagelærarane, dersom dei har ulik oppfatning av kva som er ei inkluderande samlingsstund, og om dei observerte samlingsstundene var inkluderande. Alle har med seg ei subjektiv oppfatning i utføringa, som kan vera ulik frå person til person. Dei eventuelle ueinigheitane vil koma fram i intervjuet. Det kan anten føre til gode refleksjonar og diskusjonar, eller til ueinigheit som ein må akseptere. Me opplevde at våre informantar var veldig einige, og at dei bekrefta kvarandre sine synspunkt, så me opplevde ikkje ueinigheit som ei feilkjelde. Om me hadde gjennomført individuelle intervju kunne synspunkta kanskje vore meir varierte og ulike.

Fokusgruppeintervjuet var ein god metode å nytte i forskinga. Barnehagelærarane var reflekterte og skapte ein god samtale rundt tema. Likevel, når me ser attende, kunne me hatt lenger varigheit på intervjuet. Då kunne me hatt enda fleire utfyllande spørsmål, for å spissa det enda meir inn mot

problemstillinga. Når me måtte gå vidare til neste spørsmål frå intervjuguiden, og avrunda intervjuet, måtte me avbryta den gode samtalen, noko som gjorde til at nokon svar vart begrensa.

### 3.6 Etske utfordringar

Etikk speglar refleksjon over handlingar og dei normer og verdiar som styrer oss. Hensikten med etikken er å retta eit kritisk blikk på eigen yrkespraksis. Etikken kan få oss, barnehagelærarane, til å stoppa opp og vurdere nokre prosessar og veremåtar (Tholin, 2015, s. 104-105). Etske dilemma kan knytast til mykje i bacheloroppgåva, som til døme sjølv problemstillinga, til undersøkingsopplegget, til innsamling av data og analyse og drøfting av empiri. Forskarane sitt etske ansvar kan knytast til tre ulike hovudprinsipp; informert samtykkje, konfidensialitet og konsekvensar (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47).

Informert samtykke er at informanten blir informert om målet med undersøkinga. Det skal koma fram at deltakinga er frivillig, og at dei kan trekka seg dersom dei ønskjer det, utan negative konsekvensar. Informasjonen skal gjevast på ein nøytral måte, og bør vera skriftleg (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47). Me har laga eit skriftleg informert samtykke (vedlegg 3) som vart sendt på mail. I skrivet kjem det fram kva mål me har, kva metodar me skal nytte og at det er frivillig å delta.

Konfidensialitet er det same som anonymisering. I kvalitative studiar, særleg intervju, er det vanskelegare å anonymisera sidan informanten reflekterer over sine opplevingar med egne ord. For å sikre konfidensialitet må me som forskarar bruke for eksempel kodar eller fiktive namn. (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47). Dette er eit prinsipp me tenkjer er viktig å følgje opp. I oppgåva vår vert både barnehagar og informantar anonymisert ved bruk av bokstavar. Barnehagane vert omtala som barnehage A, barnehage B og barnehage C, og informantane vert omtala A, B og C.

Konsekvensar handlar i stor grad om å ivareta deltakarane sin integritet ved å unngå at forskinga medfører negative konsekvensar (Bergsland & Jæger, 2022, s. 49). Me har valt å retta problemstillinga vår mot barnehagelæraren då me kan forventast at dei har meir kunnskap om tema, i staden for dei andre yrkesgruppene i barnehagen som me er redde for å setja i dårleg lys då dei kan ha vanskeleg for å svara for seg. Me tenkjer at barnehagelærarane er ei gruppe som er mindre sårbare, då dei har ei profesjonsutdanning og har størst ansvar, difor kan me stilla større krav til dei som yrkesutøvarar. Det er ulike yrkesgrupper som arbeidar i barnehagen, og rammeplanen framhevar at det er barnehagelæraren som er den profesjonelle som spesielt skal utføre oppgåvene til barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15).

Utgangspunktet for barnehagelærarens arbeid er ikkje sosiale relasjonar eller kjensler (Tholin, 2015, s.63). Som menneskjer har me likevel ulike relasjonar til andre. Barnehagelæraren har eit særleg ansvar for å vera yrkesetisk bevisst. I tråd med samfunnsmandatet skal barnehagelæraren vera omsorgsfull mot alle barn (Tholin, 2015, s.137). Me ser på det å vera omsorgsfull som inkluderande. Samfunnsmandatet er gjeldande gjennom heile barnehagedagen, også i samlingsstunda. I forskinga vår skulle me sjå om barnehagelærarane inkluderar alle barn i samlingsstundene. Vår tolking av inkludering i samlingsstunda er at barnehagelæraren har positiv kontakt med alle barna i løpet av samlinga. Døme på positiv kontakt er smil, positive kommentarar eller lett berøring/stryking (vedlegg 1).

I forskinga vår la me føringar på kva inkludering i samlingsstunda skulle vera. Var dette dei rette kriteriane? Eller skulle me ha funne andre kriteriar eller andre måtar å observere med/på? På relasjonsskjema kryssa me berre eit kryss i kvar rute, for å sjekka av om dei var inkluderte. Hadde me fått eit anna bilete om me hadde kryssa kvar gong barna fekk positiv eller negativ kontakt frå barnehagelæraren? Hadde alle barna vore inkludert på lik linje då?

## 4.0 EMPIRI

I denne delen vil me presentera funna etter gjennomføring av observasjon i tre barnehagar og fokusgruppeintervju med tre barnehagelærarar. Først presenterer me observasjonar frå dei tre samlingsstundene i barnehage A, deretter barnehage B og så barnehage C, deretter oppsummerande refleksjonar frå alle observasjonane. Vidare vil me presentere empiri frå fokusgruppeintervjuet under kategoriane inkludering, samlingsstund og inkludering i samlingsstund.

### 4.1 Observasjonar

Me ønskte å finna ut korleis barn vart inkludert i samlingsstundene. Me gjorde tre observasjonar i kvar av dei tre barnehagane, observasjonane gjorde me med utgangspunkt i relasjonsskjemaet (vedlegg 1) som vart utarbeida med rubrikkane: positiv, negativ og ingen kontakt. Den positive og negative kontakten er delt inn i tre delar: blick, berøring og språk. Dersom det ikkje vert kryssa i nokon av dei, vert det kryssa i kolonna «ingen kontakt».



#### 4.1.1 Barnehage A

I den første samlingsstunda som vart observert, hadde barnehagelæraren ei temasamling. Samlinga starta med ein namnesong. Her vart alle barn som var til stades inkludert verbalt og med blikk. Vidare var det mykje samtalar mellom vaksen og barn. Omtrent midt i samlingsstunda kom det eit barn til inn. Barnet var ikkje inkludert i namnesongen sidan det ikkje var der, og vart heller ikkje inkludert i samlinga etter at det vart deltakar, altså ingen kontakt. I samlingsstunda vart ingen inkludert med berøring, men tre fekk negativ kontakt ved berøring. Dei fekk også negativ kontakt verbalt og med blikk. Desse tre hadde i tillegg mykje positivt kontakt og var i utgangspunktet inkludert i samlinga.

Under den andre observasjonen var det også temasamling. I denne samlingsstunda vart alle barna inkludert gjennom namnesongen, både med blikk og verbal kontakt. I samlingsstunda var det mykje positiv kontakt jamt over, men det var sju barn som fekk negativ kontakt i tillegg.

Den tredje samlingsstunda las barnehagelæraren bok. Alle barna var inkluderte i denne samlingsstunda, også denne gangen var det gjennom namnesongen. Alle vart inkludert verbalt og med blikk og eit barn også med berøring. Dette barnet var dagens hjelper. Elles var det tre barn som fekk negativ kontakt ved berøring. Det er fem som fekk negativ kontakt totalt.

#### 4.1.2 Barnehage B

Den første samlinga som vart observert hadde barnehagelæraren ei songsamling. H\*n starta med namnesongen, og fekk på denne måten inkludert alle som var til stades med blikk, berøring og verbalt. Etter at namnesongen var ferdig og samlinga haldt fram, kom det to born til. Desse vart også inkludert med blikk, berøring og verbalt. I denne samlingsstunda var det ingen negativ kontakt.

Den andre samlingsstunda var ei eventyrsamling. Denne samlingsstunda inneheldt ikkje namnesongen. Likevel vart alle inkludert verbalt og med blikk. Det var ikkje alle som fekk berøring, men over halvparten fekk det også. I denne samlingsstunda var det ingen negativ kontakt.

I den tredje observasjonen var det temasamling. Denne samlingsstunda hadde heller ikkje namnesong. Alle fekk likevel positiv kontakt med blikk, berøring og verbalt og vart derfor inkluderte. I denne samlingsstunda var det ingen negativ kontakt.

#### 4.1.3 Barnehage C

Barnehagelæraren starta første samlingsstunda med namnesong og inkluderte alle med blikk og verbalt på denne måten. Vidare i samlingsstunda las h\*n bok med konkreter. I løpet av

samlingsstunda vart to barn inkludert i form av berøring. I denne samlingsstunda var det ingen negativ kontakt.

Den andre samlingsstunda starta også med namnesong. Alle vert inkludert verbalt og med blikk. Vidare i samlinga vart to barn inkludert med berøring. Dette var ei temasamling. I denne samlingsstunda var det ingen negativ kontakt.

Under den siste observasjon gjennomførte barnehagelærer ei språksamling med munnmotorikk. Samlinga starta med namnesong og inkluderte alle med blikk og verbal kontakt. Det var også fem barn som vart inkludert med berøring. I denne samlingsstunda var det ingen negativ kontakt.

#### 4.1.4 Oppsummerande refleksjonar

Ut frå våre kriteriar for inkludering såg me at alle barna vart inkludert i dei fleste samlingsstundene me observerte.

Me observerte ulike metodar å inkludere på, namnesong var ein mykje brukt metode for å sikre at alle vart inkluderte. Ved å bruka ein slik type song såg me at barna vart inkluderte med både blikk og verbal kontakt. På småbarnsavdeling var det også berøring i namnesongen.

Me observerte at blikkontakten ofte heng saman med verbal kontakt. Det var ikkje alltid borna såg tilbake med ein gong, men barnehagelæraren hadde blikket retta mot barnet med invitasjon til gjensidig blikkontakt over tid. Barnehagelærarane og barna hadde gjensidig blikkontakt i løpet av samlinga. Barnehagelærarane hadde også jamt overblikk over alle, og møtte blikka til barna som tok kontakt.

I observasjonane kom det fram at det var mest berøring på småbarnsavdeling. Berøringa her er oftast gjennom namnesongar eller ei hjelpande hand gjennom andre aktivitetar. På eldre avdelingar var det berøring i forbindelse med at nokon var i hovudfokus som for eksempel dagens hjelpar eller ved «positiv irttesetting»/hjelp til sjølvregulering/påminning på reglar.

Namnesongane sikra at barna vart nemnd samstundes som dei fekk blikkontakt. Elles viste dei fleste observasjonar at barna vart snakka til som individ og ikkje berre som gruppe. I nokre samlingsstunder var det berre namnesongen som var verbal kontakt.

I nokre observasjonar var det negativ kontakt, men dei borna det gjaldt hadde også positiv kontakt og var inkludert i samlingsstunda. I ein observasjon var det eit enkelttilfelle der eit barn ikkje vart inkludert. Dette barnet kom inn i samlinga etter at den var starta.

## 4.2 Intervju

Me vil her presentere empiri frå fokusgruppeintervjuet med dei tre barnehagelærarane.

Barnehagelærarane har ulike erfaringar frå barnehage. Ein av informantane har jobba som barnehagelærer sidan 2011, to sidan 2020.

### 4.2.1 Inkludering

C seier «inkludering er eit vidt omgrep som rammar mykje, og inkludering betyr at alle skal få vera med». A seier vidare «alle skal få kjenna at ein høyrer til: høyre til barnehagen, høyre til avdelinga og høyre til gjengen, dette er min gjeng». C meiner at ikkje alle treng å delta på alt for å vera inkludert, «ein må ta omsyn til om barnet vil». Eit eksempel B trakk fram er eventyret om skinnvotten. Der fekk alle barna tilbod om å velje eit dyr dei vil vera, for så å gå inn i «skinnvotten». Dersom det var nokon som ikkje ville, var det greitt. Dei var likevel med på eventyret og fellesskapen i samlinga.

B meiner tilrettelegging er viktig for å inkludere. «Ein må tilpasse for enkeltbarn, alder og gruppa. Barna skal vera med på sine premisser». C seier vidare «det kan vera utfordrande når ein har barn med ulik funksjonsvariasjon som treng tilretteleggingsbehov». Barnehagelæraren skal inkludere dei, men må også tilrettelegge for **alle** dei andre barna. A seier «alternativ tilrettelegging kan vera å la dei få vera til stades, utan nødvendigvis å delta». «Dei kan få ta ein frivillig pause ved at døra står open, då kan dei gå ut og inn att dersom dei ønskjer», seier C.

### 4.2.2 Samlingsstund

A, B og C er einige om at samlingsstund er ein tradisjon. Dei nyttar samlingsstunda til å fremja fellesskap og å byggjer felles kultur, skapa noko ein kan høyra til. Dei vil finne noko alle kan gjera saman. «Men kva er ei samlingsstund? Må alle sitja i ring?», spør A. Vidare meiner A det er godt å samlast og sjå kvarandre. C seier «samlingsstunda inkluderar alle, også dei som er heime. Me nemner dei med namn». Samlingsstunda skapar ein arena der vaksne får sett alle barna i løpet av dagen. Har ein tidlegvakt møter ein alle i garderoben om morgonen. Dersom ein kjem på ei seinare vakt møter ein ikkje alle på same måte, då er det fint å sjå alle i samlingsstunda.

A, B, og C har også samlingsstund fordi det er praktisk. C meiner barna vert førebudd med informasjon om dagen. B seier «samlingsstund skapar forventning og tryggleik». Nokre barn treng faste rutinar og faste rammer meir enn andre, «det er liksom noko som manglar dersom ein ikkje har samlingsstund ein dag». C er einig, og tilføyer at «det kan verta ustrukturert og «rot i systemet»».

«Det kan også føre til kaos for nokre av barna», seier A. «Alderen har noko å seia for behovet for samlingsstund, og det er ikkje sikkert dei eldste treng samlingsstund kvar dag», legg A til.

#### 4.2.3 Inkludering i samlingsstund

A, B og C nyttar namnesong for å leggja til rette for inkludering i samlingsstunda, B nyttar òg trekking av songkort. A meiner at det er mange måtar å vera med på. «Dersom ikkje barna ønskjer å delta aktivt, må dei likevel få tilbod om å vera med. Alle barna må ikkje vera i hovudfokus i kvar samlingsstund, men litt ekstra fokus av og til, for eksempel gjennom det å vera dagens hjelper/ordensvakt». Då sikrar ein at alle får fokus, ikkje nødvendigvis kvar dag, men alle får moglegheit til å vera i den rolla.

Ein måte C tilrettelegg på, for dei utan verbalspråk, kan vera med bilete og teikn slik at dei kan peike/vise sjølv. «Det kan vera utfordrande å ikkje leggja ord i munnen på dei». Denne tilretteleggingsmåten er noko alle barna kan dra nytte av, også barn med verbalspråk. «Det er spesielt viktig å vera førebudd til samlingsstunder med barn med tilretteleggingsbehov, då det er vanskeleg med spontane samlingsstunder der det krevst tilrettelegging». B legg til «språkutfordringar vert tydlegare med alderen».

C har ofte temarelaterte samlingar på grunn av planane til barnehagen, men varierar innhaldet og har fokus på inkludering og variasjon for alle. Samlingane til A handlar om fellesskapet, og det å lage ei felles plattform. B seier «dei minste ikkje krev like mykje variasjon som dei eldste, repetisjon er viktig». Temasamlingane er ofte retta mot storbarnsavdeling og dei eldste på småbarnsavdeling.

A seier «det er viktig å planlegge samlinga slik at det vert ditt produkt». C trekk fram at det er viktig å snakka med personalet på avdelinga om korleis du vil ha det for at samlinga skal verta god. B meiner at ein må prøva å unngå negativ kontakt, men finne andre måtar å henta inn att fokuset til barna.

#### 4.3 Avsluttande refleksjonar

I fokusgruppeintervjuet kom det fram at barnehagelærarane har ganske like tankar kring inkludering og hadde gode refleksjonar kring omgrepet inkludering og korleis dei kan inkludera i ei samlingsstund. Me såg i observasjonane at dei jobba på tilnærma lik måte for å oppnå ei inkluderande samlingsstund. Dei største variasjonane på samlingsstundene er korleis barnehagelærarane legg til rette for dei ulike aldersgruppene. Dette handlar ikkje om variasjon i måten å inkludera alle barna på, men kva type samlingsstund dei utøver for dei ulike aldersgruppene. Småbarnsavdelinga nyttar mykje songsamlingar, men dess eldre barna vert er samlingsstundene meir

prega av tema og lesing. Likevel nyttar dei også temasamlingar på småbarnsavdelinga, og song på storbarnsavdelingane. Alle barnehagelærarane er opptekne av inkludering i samlingsstundene, og det å skape fellesskap, uavhengig av arbeidserfaring.

## 5.0 DRØFTING

I denne delen skal me drøfte problemstillinga «korleis legg barnehagelæraren til rette for at alle barn vert inkludert i samlingsstunda?». Drøftinga er inndelt i fire deler med tilhøyrande overskrifter: barnehagelæraren si bevisstheit kring inkludering i samlingsstunda, inkludering av alle barn i samlingsstunda, barn sine moglegheiter for inkludering i samlingsstunda, tilrettelegging av samlingsstund i tråd med styringsdokument. Teorien vil drøftast opp mot våre empiriske funn.

### 5.1 Barnehagelæraren si bevisstheit kring inkludering i samlingsstunda

I fokusgruppeintervjuet løftar C fram at inkludering er eit vidt omgrep, slik også Liberg (2021) trekk fram som ei utfordring er inkluderingsomgrepet vanskeleg og ein forstår det ulikt (s.20). Inkludering er eit mangetydig omgrep og eit komplekst fenomen som det er vanskeleg å setja under lupa (Arnesen, 2017, s. 19). Inkludering kan definerast som omfatte eller rekne med, og oppfattast nærast som eit synonym for fellesskap, delaktigheit, livskvalitet og likeverd (Pedersen, 2015, s. 22) C seier vidare at inkludering betyr at alle skal få vera med, slik også Meld. St. 6 vektlegg: «eit inkluderande fellesskap omfattar alle barn» (2019-2020, s.11).

Barn med tilretteleggingsbehov skal inkluderast i barnegruppa. Dei skal, så langt det er mogleg, få vera med på det dei andre gjer. Alle skal oppleva samlingsstunda som ein god plass å vera, med gode opplevingar saman med dei andre barna (Brendeland, 2009, s.93). A legg vekt på at ein må ta omsyn til om barnet vil. C supplerer «alle treng ikkje delta på alt for å vera inkluderte», det kan vera nok å vera til stades. Eit eksempel B trakk fram er eventyret om skinnvotten. Der fekk alle barna tilbod om å velje eit dyr dei ville vera, for så å gå inn i «skinnvotten». Dersom det var nokon som ikkje ville, var det greitt. Dei var likevel med på eventyret og fellesskapen i samlinga. På denne måten er dei likevel inkludert i fellesskapet på sine premiss.

Inkludering kan bety å la barn delta og vera ein del av eit fellesskap (Liberg, 2021, s.6). Inkludering i barnehagen handlar om at alle barn skal oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. Dei skal føla seg trygge og kunne erfara at dei er meningsfulle (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 11). Barn som tester grenser, er urolege og forstyrrar, utfordrar vaksne. Åtferdsregulerande tiltak kan opplevast som ei

sterk avvising og gi signal om at barnet «ikkje er god nok som det er». Ved å møta barn som utfordrar oss med open nysgjerrigheit og undring over kva deira åtferd er eit uttrykk for, vil dei utviklingsstøttande tiltaka styrkast (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). Det viktigaste er at alle barn har ein god dag i barnehagen uansett behov og ståstad og at dei kjenner tilhøyrse til barnehagen sitt fellesskap. Ein kan seie at inkludering har fokus på både individet og fellesskapet (Solli & Andresen, 2017, s. 142). A seier at alle skal få kjenne at dei høyrer til fellesskapet: høyrer til i barnehagen, høyrer til avdelinga og høyrer til gjengen, «dette er min gjeng».

Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Innhaldet i barnehagen må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan delta ut frå egne behov og føresetnader (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.40). Barnehagen skal ta omsyn til barnas alder og funksjonsnivå (Barnehageloven, 2022, §2). B meiner tilrettelegging er viktig for å inkludere. Ein må tilpasse for enkeltbarn, alder og gruppa. Barna skal vera med på sine premisser. Barn som vert oppfatta som vanskelege kan bli møtt med systematisk bruk av kjeft som metode på negativ åtferd (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). C seier vidare at det kan vera utfordrande når ein har barn med ulik funksjonsvariasjon som treng tilretteleggingsbehov. Barnehagelæraren skal inkludere dei, men må også tilrettelegge for **alle** dei andre barna. A seier alternativ tilrettelegging kan vera å la dei få vera til stades, utan nødvendigvis å delta. Ein kan oppleve at enkelte tydleg markerar at dei ikkje vil vera med på det som skjer gjennom det dei gjer. Barna brukar ulike former for forhandlingar mellom tilsette og barn (Figenschou, 2020, s. 44). «Dei kan få ta ein frivillig pause ved at døra står open, då kan dei gå ut og inn att dersom dei ønskjer», seier C. Gjennom inkluderingsprosessar og å sjå barn som subjekt og medskapar, då er me på veg mot eit inkluderande barnehagemiljø (Liberg, 2021, s.7).

I dag er ikkje samlingsstund nemnt i rammeplanen (2017) eller i andre styringsdokument (Liberg, 2021, s. 11), men samlingsstunda i barnehagen kan vera ein god arena for å inkludera dersom den vert godt tilrettelagt (Statped, 2022). I fokusgruppeintervjuet undrar A seg om kva ei samlingsstund er? Og om alle må sitja i ring? Reich (1996) definerer ei samlingsstund som at ei gruppe barn og vaksne i barnehagen sit samla, ofte i ein sirkel, og har felles aktivitetar under leiing av ein eller fleire vaksne (s. 12). Dei tre observerte barnehagane hadde samlingsstund i ring, med unntak av ei. I barnehage B var den eine samlingsstunda ei eventyrsamling der borna fekk vera delaktige i eventyret om skinnvotten, og enda til slutt inni votten som dei ulike dyra. Brendeland (2009) seier at ei samlingsstund er ei stund der nokon samlast. Kva som skal skje når desse «nokon» samlast seier definisjonen ikkje noko om. Dersom ein ser i ordboka er forklaringa på samlingsstund «det å samlast», «det å samlast mentalt» og «bevisstheit/fatning». Og det er nettopp det me gjere når me samlar barna. Me skapar ein felles bevisstheit der me kjem til sans og samling og finn fatninga i ein travel kvardag (s. 18-20). Pedagogisk arbeid i barnehage skjer ofte på golvet. Det at barn og personale

sit i ring saman i samlingsstunda, kan gi ei kjensle av samarbeid, likeverdighet og fellesskap. (Jansen, 2020, s.150-151). Undersøkingar har vist at samlingsstund ofte nyttast som læringsaktivitet.

Samlingsstunder vert ofte organisert på same måte med barna og personalet i ein ring der innhald og form leiast av ein i personalet. (Jansen, 2020, s.162)

A, B og C seier dei har samlingsstund for å byggja fellesskap og felles kultur, skapa noko ein kan høyra til. Dei vil finne noko alle kan gjera saman. Vidare meiner A det er godt å samlast og å sjå kvarandre. C seier samlingsstunda inkluderar alle, også dei som er heime. Samlingsstunda skapar ein arena der vaksne får sett alle barna i løp av dagen. Har ein tidlegvakt møter ein alle i garderoben om morgonen. Dersom ein kjem på ei seinare vakt møter ein ikkje alle på same måte, då er det fint å sjå alle i samlingsstunda. Samlingsstunda kan vera ein arena der faktisk alle barn på ein avdeling får anledning til å ytre seg i eit større forum og vert høyrte av tilsette og barn, og der ulike perspektiv kan komma til uttrykk. Derfor kan samlingsstunda vera ein viktig arena for å skapa fellesskap (Pesch & Worum, 2020, s.130)

## 5.2 Inkludering av alle barn i samlingsstunda

A, B og C nyttar namnesong for å leggja til rette for inkludering i samlingsstunda, B nyttar òg trekking av songkort. I observasjonane hadde alle barnehagelærarane namnesong, på denne måten vart alle barna inkluderte med blikk og verbalspråk. Alle barn treng å kjenna seg sett og verdsett som heile det mennesket dei er og at dei er aktørar i sitt eige liv. Relasjon mellom barnehagelærer og barn er asymmetrisk, og det er alltid barnehagelæraren sitt ansvar å utvikla ein positiv relasjon til alle barn. Barn med utagerande åtferd kan verta trigga av ein autoritær vaksenrolle. Nokon vaksne har evna til å setja seg inn i barns ulike behov, andre meistrar det ikkje (Stensland & Nornes-Nymark, 2022).

Barnehagelærarane må ha ein høg bevisstheit rundt arbeid med relasjonsbygging, i særleg grad til barn med ulike behov. Barnehagelæraren må lesa barna sine signal, og vera til stades i situasjonen, både gjennom å tilby emosjonell støtte og setja trygge rammer når det trengst. Når vaksne er gode rollemodellar og er bevisste på å ha ein positiv samhandling med alle barn, er det lettare for barna og kjenna seg inkludert (Tangen, 2021, s. 24-25). Blant alle observasjonane kom det fram at det var mest berøring på småbarnsavdelinga. Der blei alle barna inkluderte med blikk, berøring og verbalspråk gjennom namnesong, kvifor er det ikkje lika mykje berøring på storbarnsavdelinga? Pedersen (2015) skriv at samspelet er prega av at barnehagelæraren viser respekt, rører ved barna eller har kroppskontakt og at ho snakkar til dei med augekontakt (s. 115).

Me observerte at blikkontakten ofte heng saman med verbal kontakt. Det var ikkje alltid borna såg tilbake med ein gong, men barnehagelæraren hadde blikk retta mot barnet med invitasjon til

gjensidig blikkontakt over tid. Barnehagelærarane og barna hadde gjensidig blikkontakt i løpet av samlinga. Barnehagelærarane hadde også jamt overblikk over alle, og møtte blikk til barna som tok kontakt. I våre relasjonar med barn har dei raske møta ein viktig plass. Med berre nokre ord, kombinert med blikk og gestar, kan du skapa eit rikt rom for gjensidig oppleving og utvikling. Den gode relasjonen kan bekreftast og styrkast (Schibbye & Løvlie, 2017, s.23). Dersom dei vaksne klarar å dela merksemd, ha felles intensjonar og/eller dele affektive tilstandar med eit barn, vil begge oppleve intersubjektiv relatering. Å dela affektive tilstandar er i følgje Stern det mest sentrale når det kjem til intersubjektiv relatering, og han knyter dette til affektiv inntoning (Skjerdal & Engesæter, 2021, s.19). Dei fleste observasjonane viste at barna vart snakka til som individ og ikkje berre som gruppe. Barnehagetilsette må vera bevisst på korleis dei utøver ulike styringsteknikkar overfor enkeltbarn framføre dei andre (Tangen, 2021, s. 54). Ein styringsteknikk som er mest framtrødande i samlingsstunda er regulering. Reguleringa føregår på ulike måtar, både gjennom det som vert sagt, ved bruk av blikket og fysisk berøring (Figenschou, 2020, s. 35). Barns åtferd vert endra etter korleis vaksne som er i samhandling med dei, det handlar mykje om inntoning og om ein er villig til å sjå barnet (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). Det er i møte med den andre, i møte med eit du, at barnet vert seg sjølv. Korleis me er i dette møte, korleis me lyttar til dei og svarar dei, pregar barnas indre landskap og deira oppleving av seg sjølv (Schibbye & Løvlie, 2017, s.14). Når barnet merkar at andre, som er ulik seg sjølv, er i same mentale tilstand som deira eigen, er det mogleg og vera felles om subjektiv oppleving (Stern, 2003, s. 191).

Samlingsstunda kan fort bli ein tradisjonsberande aktivitet eller ei fast rutine som berre fungerer som eit strukturerande element i arbeidskvardagen til dei tilsette (Tangen, 2021, s. 55). A, B, og C seier at dei har samlingsstund fordi det er praktisk. C meiner barna vert førebudd med informasjon om dagen. B seier samlingsstund skapar forventning og tryggleik. Nokon barn treng faste rutinar og faste rammer meir enn andre, «det er liksom noko som manglar dersom ein ikkje har samlingsstund ein dag». C er einig, og tilføyer at det kan verta ustrukturert og «rot i systemet». Det kan også føre til kaos for nokre av barna, meiner A. Alderen har noko å seia for behovet for samlingsstund, og det er ikkje sikkert dei eldste treng samlingsstund kvar dag, legg A til. Barn har behov for å vera med i ei stor gruppe og ei lita gruppe. Gruppefellesskapet for små barn kan styrkast gjennom blant anna samlingsstunder som gir opplevingar av den styrke og glede som kan ligga i det å vera saman og å vera mange. Dette viser at også små barn har nytte av å vera med i ei inkluderande samlingsstund for alle (Reich, 1996, s.41).

Barnehagelærarane er opptekne av anerkjenning i samlingsstund, for dei fleste barn er det knytt til namneoppdrag eller teljing av kor mange barn som er til stades (Liberg, 2021, s. 58). I fokusgruppeintervjuet seier C samlingsstunda inkluderar alle, også dei som er heime. Me nemner dei



med namn. Samlingsstunda skapar ein arena der vaksne får sett alle barna i løp av dagen. Barnehagen skal byggja på grunnleggande verdiar som respekt for menneskeverd og likeverd (Barnehageloven, 2022, §1).

I fokusgruppeintervjuet meiner A at det er mange måtar å vera med på. Dersom ikkje barna ønskjer å delta aktivt, må dei likevel få tilbod om å vera med. Nokon barn er heilt stille medan andre kommuniserer eller handlar utover det som er akseptert i ei samlingsstund. Alle uttrykk skal bli sett, høyrte, forstått og møtt likeverdig. Ikkje likt, men likeverdig. I en samlingsstund er det mange ulike eigenartar, som må behandlast og handterast ulikt, men likeverdig (Tangen, 2021, s. 57). B trakk fram at det er viktig med tilrettelegging for å inkludera, og ein måte C tilrettelegg på, for dei utan verbalspråk, er med bilete og teikn slik at dei kan peike/vise sjølv, men det kan vera utfordrande å ikkje leggja ord i munnen på dei. Denne tilretteleggingsmåten er noko alle barna kan dra nytte av, også barn med verbalspråk. Det er spesielt viktig å vera førebudd til samlingsstunder med barn med tilretteleggingsbehov, då det er vanskeleg med spontane samlingsstunder der det krevst tilrettelegging. B legg til at språkutfordringar vert tydelegare med alderen. I observasjonane ser me at C har ei språksamlingsstund med munnmotorikk. Munnmotorikk er ein aktivitet som alle barn kan vera med på. Det er ein felles aktivitet som alle barn har like mykje nytte av, men som også, utan at det vert lagt spesifikt merke til er eit tiltak for å stimulera munnmotorikken til barn med tilretteleggingsbehov (Tangen, 2021, s. 55). Dette er ein måte å få spesialpedagogikken inn i allmennpedagogikken. Det er det allmennpedagogiske tilbodet som skal tilpassast barna, ikkje barna som skal tilpassast det allmennpedagogiske tilbodet (Tangen, 2021, s. 58). Tiltak kan vera å tilrettelegga innanfor det ordinære tilbodet og/eller ved å sette inn særskilte tiltak (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 12).

### 5.3 Barn sine moglegheiter for inkludering i samlingsstunda

Det er naudsynt at barnehagelæraren tek det fulle ansvar for relasjonane, for si eiga åtfærd og sin eigen kommunikasjon. Ansvaret ligg på tre ulike plan der barnehagelæraren må halde merksemda på korleis han/ho viser aksept, empati og nærvær. Dette inneber at barnehagelæraren må unngå å hamna i autoritære posisjonar (Öhman, 2020, s. 222). Barnehagelærarane sin kunnskap, kompetanse og haldningar påverkar arbeidet med barn. Barn treng nokon som trur på og støttar dei, for å styrka sjølvbiletet (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). I barnehagen er det eit maktforhald mellom barn og vaksne. Maktrelasjonane kan koma til uttrykk i asymmetriske posisjonar i barnehagen (Simonsen & Kristoffersen, 2017, s. 235). I observasjonane våre kom det fram negativ kontakt som bekreftar det asymmetriske forholdet mellom barn og vaksne i barnehagen. På storbarnsavdeling var det berøring i

forbindelse med at nokon fekk hjelp til sjølvregulering og påminning på reglar. Barna har behov for omsorg, empati og akseptering frå barnehagelærarane rundt seg. Barna treng ein vaksen som ikkje dømmar, kritiserer eller kjeftar når noko ikkje går bra (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). Dei borna som fekk negativ kontakt, hadde også positiv kontakt og var inkludert i samlingsstunda. Jamt over var det mykje positiv kontakt i samlingsstundene og utifrå observasjonskriteria for inkludering vart alle barna inkludert i dei fleste samlingsstundene.

Å sjå barnet innanfrå handlar om at du som barnehagelærer klarar å stilla deg inn etter, eller synkronisera deg med barna, spesielt kjenslemessig, at du kan møte kvart enkelt barns kjensler ved å spegla eller bekrefte barnet emosjonelt, og at du kan dela både dine egne og barnas kjensler i eit interaktivt samspel (Lindbeck & Glavin, 2020, s. 48). Som Stern skriv handlar dette om å ha ei felles oppleving og same mentale tilstand som den andre, altså intersubjektivitet. Ei slik oppleving kan berre førekomma dersom det finst felles kommunikasjonsmidlar som gestar, haldningar og ansiktsuttrykk (2003, s. 191). Det er tre mentale tilstandar som har stor relevans for den interpersonlege verda og som ikkje krev språk, handlar om å ha felles merksemd, å ha felles intensjonar og å dele affektive tilstandar (Stern, 2003, s. 195). Dei observerte samlingsstundene handlar om å skape eit fellesskap der alle barna vert inkludert ved å dele felles merksemd. Er det eit mønster på kva dei ulike samlingsstundene inneheld ut frå alder på avdelingane? I dei ulike observasjonane var det variasjon i kva barna skulle ha felles merksemd om. Dei ulike samlingane fordelte seg på følgjande måte; barnehage A hadde to temasamlingar og ei samling med lesestund, barnehage B hadde songsamling, eventyrsamling og temasamling, og barnehage C hadde ei lesesamling, ei temasamling og ei samling med munnmotorikk.

Pedagogisk leiar har både ansvar for, og plikt til å ivareta barnet ut frå deira føresetnadar og interesse, og dermed vert det å sjå og rettleia barnet både ei plikt og eit ansvar dei har (Figenschou, 2020, s. 35). Godt relasjonsarbeid i barnehagen er med andre ord det viktigaste tiltaket for å få barn med robust sjølvkjensle. Dette er usynleg omsorg, noko alle barn treng (Lindbeck & Glavin, 2020, s. 134). I løpet av alle observasjonane vart alle barna inkluderte i samlingsstundene. Ved at barna får høyre namnet sitt og vert sett på gjennom namnesongen byggjer barna positiv sjølvkjensle og vert anerkjent for den dei er. Anerkjenning viser til ein måte og forstå andre menneskjer på, og vera saman med dei. Ein føresetnad for anerkjenning er den menneskelege evna til å innta andre sine perspektiv. Anerkjenning går hand i hand med eit overordna menneskesyn (Schibbye & Løvlie, 2017, s.48-49). Alle barn skal behandlast som verdifulle deltakarar i samspelet (Tangen, 2021, s.11). Barna kan utvikla positiv sjølvkjensle ved at barnehagelæraren brukar kunnskapen dei har om barnets behov for å bli sett, møtt og bekrefte (Lindbeck & Glavin, 2020, s. 134). Kva om barna ikkje får dekkja behova for å bli sett, møtt og bekrefte?

### 5.3.1 Konsekvensar ved negativ kontakt som mønster.

Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10). I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med vaksne (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.22). Barnehagelæraren må ha gode relasjonserfaringar og kompetanse med seg for å bidra til at barna opplev gode relasjonar. Det handlar om å planleggja tid til samspel med barn for å styrka relasjonar og kjenslemessige band i fredstid mellom barnet og barnehagelæraren (Stensland & Nornes-Nymark, 2022). I barnehage A var det nokre barn som fekk negativ kontakt i kvar samlingsstund. Dette gjaldt ikkje alltid dei same barna, og alle barna fekk positiv kontakt og vart inkludert i alle tre samlingsstundene. Kva med dei barna som opplev berre dårlege relasjonar? Kva om dette vert eit mønster?

Barn som utfordrar oss vert ofte møtt med kjeft og negative sanksjonar, i staden for anerkjenning og positive relasjonar. Åtferdsregulerande tiltak i form av straff og negative sanksjonar kan ha motsett effekt og føra til at åtferda trappast opp (Stensland & Nornes-Nymark, 2022).

Ein utfordring er at åtferd kan skapa vanskar for barnet sjølv og omgjevnadane rundt. Det er viktig å førebyggja etablering av negativt åtferdsmønster, då barnet si åtferd vert etablert i førskulealder. Barn treng nokon som trur på og støttar dei, for å styrka sjølvbiletet (Stensland & Nornes-Nymark, 2022).

### 5.4 Tilrettelegging av samlingsstund i tråd med styringsdokument

Samlingsstund har ein like sentral plass i dagens barnehage, utan at styringsdokumenta framhevar krav om bruk av samlingsstund (Liberg, 2021, s. 11), men legg vekt på fellesskapet. Ein må tilbake til 1996 for å finne samlingsstund i rammeplanen (Liberg, 2021, s. 11). I fokusgruppeintervjuet kom det fram at A, B og C nyttar samlingsstunda som tradisjon. Samlingsstunder er ein del av barnehagens tradisjon og dermed også ein del av barnehagen sin karakter (Jansen, 2020, s. 163). I fokusgruppeintervjuet kom det òg fram at A, B og C meiner at samlingsstunda er ein god arena for å fremja fellesskapet. I Barnehagelova §2 (2022) står det at barnehagen skal bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i fellesskap. Inkluderande fellesskap forutset at tilsette i barnehagar har ei grunnhaldning om at alle barn, med sine ulikheiter, høyrer til fellesskapet (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 12). Det kom fram i fokusgruppeintervjuet at A, B og C har ei felles grunnhaldning om at inkludering betyr at alle barn skal få vera med og kjenne at dei høyrer til. Tilsette med god kompetanse og nære relasjonar til barn er avgjerande for at me får eit inkluderande og godt utdanningsløp for alle (Meld.

St. 6, 2019-2020, s. 8). Det er også viktig at barna opplev gode relasjonar og ein trygg tilknytning til dei tilsette (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 27). I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med vaksne (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.22). Barna skal møtast som individ (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10). Barnehagen skal vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å delta. Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7-9). B seier samlingsstund skapar forventning og tryggleik, nokon barn treng faste rutinar og faste rammer meir enn andre. Barnehagetilsette må vera bevisst på kven samlingsstunda er tilrettelagt for, når ei barnehagegruppe består av mange barn med ulike behov og føresetnadar (Tangen, 2021, s.1).

## 6.0 Avslutning

Gjennom arbeid med denne bacheloroppgåva ønskte me å finna om alle barn vart inkludert i samlingsstunda. Me laga oss derfor problemstillinga «korleis legg barnehagelæraren til rette for at alle barn vert inkludert i samlingsstunda?» Når me tek utgangspunkt i denne problemstillinga er det mange element som vil påverka om ein klarar å leggja til rette for inkludering for alle barn.

Hovudfunna våre var at alle barna vart inkludert. Barnehagelærarane hadde inkluderande samlingsstunder for alle barn utifrå kriteriane blikkontakt, verbal kontakt og berøring. Namnesongen vart nytta av alle barnehagelærarane som ein måte å inkludera alle barna på, uavhengige av alder.

Etter skriveprosessen sit me att med meir kunnskap og forståing av omgrepet inkludering, og kunnskap og erfaring om korleis inkludering vert arbeida med ute i barnehagane. Hadde me hatt same erfaring om me hadde observert fleire barnehagelærarar/yrkesgrupper i same barnehage? Hadde oppgåva fått meir breidde dersom me hadde observert i fleire barnehagar?

Korleis barnehagane legg til rette ei samlingsstund for alle barn sine ulike behov og forutsetningar, har ikkje eit fasitsvar. Denne forskinga har heller ikkje berre ei sanning, men den oppsummerar mange refleksjonar rundt kva inkludering kan vera, og korleis ein kan inkludera i ei samlingsstund.

I arbeidet med denne forskinga har me funne ut at det er lite teori om samlingsstunda. Det er også lite å finne om det som knyter inkludering og samlingsstunda saman, og korleis ein kan/skal utøva dette. Styringsdokumenta har lagt føringar for at inkludering i fellesskap skal meir og meir inn i barnehagane, og kanskje kjem det tydelegare retningslinjer på korleis ein kan/skal gjera dette

framover for å sikre at alle barna vert inkludert, ikkje berre i samlingsstunda men gjennom heile barnehagedagen?

## Litteraturliste

- Arnesen, A. (2017). Inkludering: perspektiver på inkludering i barnehagefaglige praksiser. I A. Arnesen (Red.), *Inkludering: perspektiver i barnehagefaglige praksiser* (2. utg., s. 19-32). Universitetsforlaget.
- Barnehageloven. (2022). *Lov om barnehager* (LOV-2022-06-10-40). Lovdata. Hentedato: 25.10.2022. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Bergsland, M. D. & Jæger, H. (Red.). (2022). Bacheloroppgaven. I *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. (2. utg. s. 15-51). Cappelen Damm Akademisk.
- Brendeland, T. A. (2009). *Magiske samlingsstunder*. Pedagogisk forum.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal.
- Figenschou, G. (2020). Styringsteknikker i samlingsstunden. I A. Eriksen & B. Isaksen (Red.), *Kunsten å samles* (s. 28-44). Universitetsforlaget.
- Jansen, K. E. (2020). Pedagogikk på gulvet i åpen barnehage. I K. E. Jansen, Ø. L. Johannessen & S. Mørreaunet (Red.), *Den åpne barnehagen: et mangfoldig møtested* (s. 148-168). Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: innhold og oppgaver*. Utdanningsdirektoratet.
- Liberg, R. (2021). *Samlingsstund i barnehagen: en arena for inkludering?* [Masteroppgåve]. Universitetet i Stavanger.
- Lindbeck, S. & Glavin, P. (2020). *Å sette sosial og emosjonell kompetanse på timeplanen*. Fagbokforlaget.
- Meld. St. 6 (2019-2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet. Hentedato: 25.10.2022. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>
- Pedersen K. (2015). *Ut fra egne forutsetninger: inkluderende pedagogikk i barnehagen*. Fagbokforlaget.
- Pesch, A. M. & Worum, K. S. (2020). Når vi skal snakke om «hjulene på bussen»: barns deltakelse og posisjonering i samlingsstund i lys av Bakhtin. I A. Eriksen & B. Isaksen (Red.), *Kunsten å samles* (s. 128-138). Universitetsforlaget.

- Reich, L.R. (1996). *Samlingsstunden*. Tano.
- Schibbye, A.L. & Løvlie, E. (2017). *Du og barnet: om å skape gode relasjoner med barn*. Universitetsforlaget.
- Simonsen, E. & Kristoffersen, A. E. (2017). Fellesskapets fordeler og forutsetninger – utfordringer for den spesialpedagogiske profesjon. I A. Arnesen (Red.), *Inkludering: perspektiver i barnehagefaglige praksiser* (2. utg., s. 229-248). Universitetsforlaget.
- Skjerdal, L. & Engesæter, M. (2021). «Det gjer godt i hjarta!» Å møta dei minste med musikk. I S. Bøyum & H. C. Hofslundsengen (Red.), *Barnehagelærrollen: mangfold, mestring og likeverd* (s. 15-31). Universitetsforlaget.
- Solli, K. & Andresen, R. (2017). «Alle skal bli sett og hørt.» barnehagepersonalets synspunkter på inkludering. I A. Arnesen (Red.), *Inkludering: perspektiver i barnehagefaglige praksiser* (2. utg., s. 138-159). Universitetsforlaget.
- Statped. (2022, 18. mars). *Autisme og inkludering*. Hentedato: 29.10.2022.  
<https://www.statped.no/autisme/autisme-og-inkludering/i-barnehagen/delta-i-samlingsstund/>
- Stensland, L. & Nornes-Nymark, M. (2022). *Personalet kan være nøkkelen for utagerende barn*. Utdanningsnytt. Hentedato: 15.05.2023.  
[https://www.utdanningsnytt.no/barnehageforskning-barnehagelaererrollen-barnehagepedagogikk/utagerende-barn-endrer-vaeremate-avhengig-av-hvilke-voksne-de-moter-i-barnehagen/326889?fbclid=IwAR2axQPbqwnBwNjCdM13PnHyX9qB8pLEqh69pH\\_2LK3aHG5g\\_T8TQsaOt4](https://www.utdanningsnytt.no/barnehageforskning-barnehagelaererrollen-barnehagepedagogikk/utagerende-barn-endrer-vaeremate-avhengig-av-hvilke-voksne-de-moter-i-barnehagen/326889?fbclid=IwAR2axQPbqwnBwNjCdM13PnHyX9qB8pLEqh69pH_2LK3aHG5g_T8TQsaOt4)
- Stern, D.N. (2003). *Spedbarnets interpersonlige verden*. Gyldendal akademisk.
- Tangen, T.S. (2021). *En inkluderende samlingsstund* [Masteroppgåve]. Universitetet i Tromsø.
- Tholin, K.R. (2015). *Profesjonsetikk for barnehagelærere*. Fagbokforlaget
- Öhman, M. (2020). *Innenfor og utenfor: barns relasjonsarbeid, voksnes ansvar*. Pedagogisk forum.

## Vedlegg 1- Informasjonsskriv

### INFORMASJONSSKRIV OG FØRESPURNAD OM DELTAKING I HØVE OBSERVASJON KNYTT TIL BACHELOROPPPGÅVE

Me er 3 studentar som går barnehagelærarstudiet på deltid og er no i gong med bacheloroppgåva vår. Me har valt å forska på inkluderande samlingsstunder i barnehagen med fokus på rolla til barnehagelæraren. Me skal gjere observasjonar i tre ulike barnehagar og i den forbindelse ønskjer me å observera tre samlingsstunder, der du som barnehagelærer utøver samlingsstunda, i barnehagen hjå dykk . Observasjonen vår har ein fast struktur der me nyttar same observasjonsmetode kvar gong. Me nyttar eit relasjonsskjema som me skal kryssa på. Dette får du sjå i forkant av observasjonane.

I etterkant av observasjonane ønskjer me å gjennomføre ein oppfølgingssamtale i form av gruppeintervju, der alle dei tre observerte barnehagelærarane deltek.

Me planlegg å gjennomføra alle tre observasjonane i løp av januar, og ønskjer å få til oppfølgingssamtalen før utgangen av januar. Datoar vert fastsett når me har fått avtalt nærmare med dykk.

All innsamling av datamateriale skal berre nyttast til bacheloroppgåva vår og vert lagra i papirform heime hjå oss, i tillegg vert det digitalisert og lagra på våre datamaskiner til oppgåva er godkjent. Observasjonane våre munnar ut i eit skrifteleg materiale, utan foto.

Det er frivillig å delta og du kan når som helst trekka deg så lenge studien pågår, utan å oppgi grunn. Då kontaktar de oss eller vår rettleiar pr e-post.

Me vonar du samtykkjer og vil bidra i vår bacheloroppgåve.

Vår rettleiar og dykkar kontaktperson på HVL er Høgskulelektor i pedagogikk: Merete Nornes-Nymark.  
E-post: Merete.Nornes.Nymark@hvl.no

Med venleg helsing

Anita Sva Tlf: 48239605, e-post: svaanita@gmail.com

Ingrid Synnøve Fønnebo Tlf: 41556214, e-post: ingrid.synnove.fonnebo@gmail.com

Anna Wiborg Tlf: 97631336, e-post: annawiborg@hotmail.com



## SAMTYKKE

Eg samtykkjer i at eg har lest og forstått innhaldet i undersøkinga og ynskjer å delta.

Dato\_\_\_\_\_ Stad\_\_\_\_\_ Signatur\_\_\_\_\_

## Vedlegg 2 – Relasjonsskjema

### RELASJONSSKJEMA

Namn på barna i barnegruppa	GRØN Positiv kontakt og respons			RAUD Negativ kontakt og respons			GUL Ingen kontakt
	blikk	berøring	språk	blikk	berøring	språk	

Dette skjema tek utgangspunkt i Tholin (2015) si konkretisering av relasjonskvalitet mellom personalet og barn i barnehagen, og skal nyttast til å observere om barnehagelæraren inkludera alle barn i samlingsstunda. Vår tolking av inkludering i samlingsstunda er at barnehagelæraren har positiv kontakt med alle barna i løpet av samlinga, anten ved blick, berøring og/eller verbalt. I skjema er det avkryssing på både positiv og negativ kontakt. Me meina at det er berre den positive kontakten som er inkluderande inn mot samlingsstunda. I observasjonane me skal gjennomføra er det ikkje relevant kor mykje kontakt eit barn får, men om det vert inkludert av barnehagelæraren som har samlingsstunda.

#### GRØN – positiv kontakt

Ved kryss i dei grøne rutene gir barnehagelæraren barnet positiv kontakt i form av blick, berøring eller verbalt, på barnets nivå. Døme på positiv kontakt er smil, positive kommentarar eller lett berøring/stryking.

#### RAUD – negativ kontakt

Ved kryss i dei grøne rutene gir barnehagelæraren barnet negativ kontakt i form av blick, berøring eller verbalt, på barnets nivå. Døme på negativ kontakt kan vera strenge blick, irettesetting eller at barnet vert flytta eller tatt ut av samlingsstunda.

#### GUL – ingen kontakt

Ved kryss i den gule ruta gir ikkje barnehagelæraren kontakt til barnet i løpet av samlingsstunda.

## Vedlegg 3 – Intervjuguide

### INTERVJUGUIDE

Før sjølve intervjuet: avklaring. Me spør om korleis dei har oppfatta infoskrivet og tema «inkluderande samlingsstund» for å sikra oss ei felles forståing vidare i oppgåva/intervjuet.

- Tema vårt er «inkluderande samlingsstund», utifrå infoskrivet lurar me på korleis de oppfatta oppgåva vår?

Etter avklaringa vil me spørja følgjande spørsmål. Det er desse som er sjølve intervjuet.

- Kva legg de i omgrepet inkludering?
- Kvifor har de samlingsstund?
- Kva tenkjer de er det viktigaste målet med samlingsstund?
- Korleis legg du til rette for å inkludere alle barna på avdelinga i samlingsstunda?

Dersom det er aktuelt etter at alle observasjonane er gjennomførte, kan me stille desse spørsmåla:

- Kva tenkjer du om barn som vert tatt ut av samlingsstunda? Korleis trur du barnet opplever denne situasjonen?
- Kvifor var ikkje alle barna med i samlingsstunda frå starten av? Korleis trur du barnet opplever denne situasjonen?